Strategisk plan 2027-2030

NORGES HUSFLIDSLAG

Foto: Astrid Waller, Even Lundefaret og Tove Breistein

Visjon: Husflid som levande kultur, samfunnsressurs og fellesskap

VERDIAR

Faglegheit	Skaparglede
Fellesskap	Berekraft
Openheit	Tradisjon

FAG OG FORMIDLING

Vi skal:

- Synleggjere fagleg breidde innan husflid og handverk – frå nybyrjar til profesjonell utøvar.
- Dokumentere og dele kunnskap om teknikkar, materialar og tradisjonar.
- Ta eit særleg ansvar for raudlistekunnskap.
- Legge til rette for god opplæring og kunnskaps-deling, slik at fleire kan lære og lære bort.
- Løfte fram husflidhandverkarar og husflidbutikkar som berarar av fagkompetanse, kvalitet og tradisjon.

ORGANISASJON OG FELLESSKAP

Vi skal:

- Bygge sterke lokal- og regionlag og legge til rette for eit aktivt og berekraftig frivillig engasjement.
- Ta i bruk verktøy og system som støttar arbeidet til lokallaga og gjer det enklare å bidra.
- Legge til rette for mangfald og inkludering i heile organisasjonen, uavhengig av alder, bakgrunn og erfaring.
- Skape opne og inkluderande møteplassar som fremjar tilhøyrsle, meistring og fellesskap.
- Legge til rette for aktivitetar og opplæring som engasjerer barn og unge, og gjere det enkelt for dei å delta.
- Vere synlege der folk møtast – lokalt og nasjonalt.

SAMFUNN OG SAMARBEID

Vi skal:

- Rekruttere breitt og synleggjere at husflid er relevant for samfunn, helse, miljø og beredskap.
- Bidra til auka forståing for praktiske ferdigheiter som ein ressurs i eit berekraftig og robust samfunn.
- Vere ei tydeleg stemme i offentlegheita.
- Samarbeide med organisasjonar, skular, museum og institusjonar.
- Bidra til å styrke plassen til tradisjonshandverket i utdanning og samfunn.
- Bidra til gode rammevilkår for næringsutøvarar innan tradisjonshandverk.
- Samarbeide med aktørar som fremjar småskala produksjon og lokal verdiskaping.
- Ivareta og vidareføre levande tradisjonar i tråd med UNESCOs konvensjon om immateriell kulturarv, og styrke vår rolle som akkreditert NGO.

PRIORITERT SATSINGSOMRÅDE – BUNADGLEDE

Vi skal:

- Vere ein tydeleg pådrivar for å bevare, vidareføre og utvikle bunadtradisjonane som del av vår immaterielle kulturarv.
- Styrke kunnskapsformidlinga om bunadbruk, handverk, materiale og tradisjonar – lokalt, regionalt og nasjonalt.
- Løfte fram bunadbruk som berekraftig gjennom arv, omsaum og kvalitetsmaterialar.
- Fremje bunad som uttrykk for identitet, tilhøyrsle, mangfald og fellesskap.
- Synleggjere og styrke handverkskompetansen som ligg til grunn for bunadtradisjonane.
- Bidra til rekruttering, opplæring og gode rammevilkår for produksjon, reparasjon og omsaum, og styrke lærlingordninga innan bunadrelaterte handverksfag.

Vedteke på Norges Husflidslags landsmøte, juni 2026